

<b>Referat frå styremøte i Sunnfjord Kajakklubb</b>
<b>Tid:</b> 27.sept. 2005 kl.1930
<b>Stad:</b> Valaker AS
<b>Referent:</b> Tove
<b>Tilstades:</b> Bjørn Henrik F. Odéen, Sissel Strømmen, Rune Berge, Solveig Andersen, Guttorm Kleppe, Geir Alden, Tove Bjørnseth

### Saksliste:

1. Tippemiddlar
2. Info om vår - sommar 2005
3. Vinter og basseng
4. Vidare drift
5. Ymse

### Sak 1:

SKK har fått tildelt kr. 145 000 i tippemiddlar. 80 % av dei er utbetalte, dvs. kr. 115 000. Resten kjem når rekneskapet er fullført (Rune).

Lånet til SKK står i ca. kr.26 000. Styret går einstemmig inn for å innløyse lånet. Geir ordnar med det.

SKK er ein klubb med god økonomi!

Medlemmane i styret kom med forslag om kva tippemiddlane kan brukast til:

- Legge tregolv og lage skifterom i naustet.
- Innkjøp av ei del nytt utstyr som vestar, pumper, åreflotør, spruttrekk og evt. årar.
- Innkjøp av sikkerhetsutstyr som førstehjelpsutstyr, naudrakettar, delbar åre, turverktøy til å reparere kajakk.
- Glideskinner i taket til kajakkoppheing (Tore har allereie fått fullmakt til å hente inn pris på dette).
- Innkjøp av padlelitteratur; bøker, videoar.

Styret diskuterte litt om det var naudsint å kjøpe inn åreflotørar og pumper.

Kom vel ikkje fram til nokon endeleg konklusjon. Bjørn ynskjer vi arrangerar kveldskurs der ein lærer å lage åreflotør.

Nye vestar som vert innkjøpt skal reserverast til kursføremål.

Det vart bestemt at Rune, Guttorm og Tore set i ei gruppe som er ansvarleg for naustet. Dei undersøker og kjem med forslag om korleis golvet skal leggast, materialvalg, osb. og evt. kjem med ei prisantydning.

Bjørn undersøker prisar på vestar, pumper, spruttrekk og gruppessikkerheitspakke.

Det skal leggast fram på eit medlemsmøte eller årsmøte kva forslag styret har til bruk av tippemiddlane.

Guttorm legg inn på heimesida til SKK at styret ynskjer innspel på kva medlemmane vil pengane skal nyttast til.

### Sak 2:

Barnepadling har stått i fokus i sommar.

SKK har vore med på:

- Aktivitetsleir for barn og unge si samband med Forbundet Kysten sitt arrangement i Kalvåg i juli.
- 4H sin Kystfriluftsdag i Florø i byrjinga av september.
- Sanden- sundag i Naustdal i tillegg til at barneidrettsskulen i Naustdal har hatt besøk av SKK ein torsdag.

Elles har SKK fått merksemd i form av radio- og TV-innslag.

Ein del SKK medlemmar var på padlesymposiumet i Balandet i sommar.

Andre ting frå sommaren:

Geir har beisa naustet og Guttorm har fiksa kajakkar. Flott!!

Bjørn har hatt to grunnkurs i tillegg til ei mengd intro-kurs. På Kjetil sitt grunnkurs kom det ikkje nok påmeldingar og det blei difor avlyst.

Det har vore lite klubbturar i sommar, mest pga. dårlig ver. Helga 7.-9. oktober vert det stormsamling i Balandet, Njord er arrangør. Dette er ei uformell padlesamling. Nokre SKK medlemmar reiser .

### Sak 3:

Vinter og bassengtrening; kan nokon ta ansvaret for det?

Sissel tek på seg å sjekke ledig tid og prisar i Førdehuset. Bassengtreningsa må ikkje medføre utgifter for klubben.

Guttorm tek på seg det praktiske.

### Sak 4:

Guttorm syns det har vore for lite aktivitet i klubben og for lite kontakt mellom medlemmane og styret. Medlemmane bør følgjast opp betre. Foreslår å ta i bruk ei gjestebok på internett/heimesida.

Kan vi evt. få gitt ut eit SKK-nytt i papirutgåve med tanke på dei medlemmane som ikkje brukar internett?

Korleis få folk med oss på tur? Trur folk at turane berre er for erfarte padlarar? Vi bør legge opp til at turane går uansett ver og påmelding.

Fortrinnsvis bruke private hytter slik at vi slepp å vere avhengige av eit visst antal påmelde for at det skal bere seg økonomisk.

Prøve å legge opp til ein aktivitetskalender for 2006 med:

- Turar
- Temakveldar
- Samle turleiarar til inspirasjonskurs (teori og praksis)
- Trening også på tysdagar (tysdagsspadling eksisterar jo, men den har vore for dei som vil padle litt raskare).

Styret tenkjer meir på aktivitetskalender og kommuniserar med Bjørn om dette via e-post/SMS.

Forslag om ein open dag i symjebassenget. Vi kan spør om Din Sport vil sponse annonse.

#### Sak 5:

Ymse.

Kjetil og Bjørn har avslutta veilederutdanning og er no godkjende som instruktørar, veileder i havpadling. Gratulerer!!

Bjørn har sendt styret søknad om å få dekka utgifter til deltaravgift på kurset, kr. 3000,-.

Styret gjekk einstemming inn for dette. Kjetil vert også oppmoda om å søkje støtte.

Godtgjersle for instrukør i havpadling når denne avheld grunnkurs:

Kr. 1500,- pr.dag + kr. 1000 for ein kveld. Dvs. for eit helgekurs som går frå fredag kveld tom.sundag vil instruktøren få utbetalt kr. 4000,-

Deltakaravgifta er då på kr. 1500,-

Styret set følgjande krav til veiledar der klubben har sponsa utdanning:

Vedkommande må avholde min. 4 grunnkurs med min. 5 deltarar på kvart kurs i klubbregi. Etter den tid er det fritt fram for korleis og for kven instruktørane vil holde kurs.

Elvepadling: Frode Hallandsvik i FYK tek sikte på å få til eit padlemiljø for elv i Sunnfjord. Usikker om elvepadling blir ein del av SKK eller om det vert stifta ein eigen elvepadleklubb. Det er kjøpt inn 5 elvekajakkar og det er gitt midlertidig løyve til at desse kajakkane vert lagra i naustet.

Aktivitetsprosjektet ved psykiatrisk klinikk Førde sentralsjukehus:

Klubben har 3 treningskontakter no, det er Guttorm, Solveig og Sissel. I tillegg har Rune vore nytta som instruktør to gonger på kurs som aktivitetsprosjektet

har arrangert (Grotlesanden i fjar, Bygstad i år). Atle Skede som er leiar for aktivitetsprosjektet har sterkt ynskje om å bruke Rune som instruktør, ma. fordi Rune har kompetanse innan spesialpedagogikk. Aktivitetsprosjektet ynskjer at lønninga til Rune går via SKK og ikkje direkte til Rune som privatperson. Rune sender difor rekning på instruktørhonorar til SKK som deretter sender rekning til Idrettskrinsen. Styret er einige om at dette er OK. Det vart stilt spørsmål om treningskontaktane kan låne klubbstyr til sine klientar og oppbevare dei heime. Dette er OK så lenge Bjørn veit om det.

#### Medlemsmøte i haust:

Vi prøver å få til eit medlemsmøte i haust med tema: sikkerheit på padletur.

I tillegg vil det verte SKK- nytt.

Tid: 20. oktober 2005 kl. 1900

Sissel sjekkar om Elvahuset er ledig.